## Aktivitetsplan 2008 - 09

| Dato | Arrangement | Komite |
|---|---|---|
| 21. des | Julekonsert | TPM arrangerer |
| 27. des | Juletrefest | |
| 3. jan | Nyttårskonsert | Komite - styre |
| 23. - 25. jan | Gruppeøving NM | Musikkutval |
| 30. - 31. jan | Øvingshelg NM | Musikkutval |
| 3. - 5. feb | NM Bergen | Musikkutval - styre |
| 5. - 7. juni | TPM-turhelg | Styre |
| 4.- 6. sep. | Stormfestival-09 | Komite - styre |

### Lag tekst til dette bildet

Her er det bilde av to løgne damer som finn på mykje rart.
Lag tekst til bildet og send forslag til Vredens Gnag.
Flotte premiar til den som blir trekt ut som vinnar.



DOMSTEIN NORSK TIPPING Canon Nordea

### På kryss og tvers med VG

**Prøv VG-kryss**

**Vassrett:**
1. sjekke lengden
5. klokka
6. plassere rompa i

**Loddrett:**
1. dyr
3. vene
3. øk
4. spise

| | 1 | 2 | 3 | 4 |
|---|---|---|---|---|
| 1 | | | | |
| 5 | | | | |
| 6 | | | | |



NM-mester-2008

# Vredens Gnag

TORSKANGERPOLL MUSIKKLAG

Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 10 15. årgang Laussal: Gratis Desember 2008




www.torskangerpoll.no




# Årskavalkade 2008


























# Julenøtt: Finn sju feil



# Vredens Gnag sitt store julekryssord








## Helsing frå kongens menn

Den 6. Oktober 2008 gjekk vi, Nikolas Svoren og Anders Færestrand, ut av dei sivile rekker og trakka nyskjerrig inn kongens kle. Vi er på plass i Oslo og Huseby Leir der vi er ein del av kongens garde.

Her startar dagane med revelje kvart over seks. Då skal sengane strekkast, romma skal vaskast og uniforma skal vere ferdi strykt og dampa med press i buksa. Alle mann skal vere nybarbert til ei kvar tid og spitten på skoa skal vere prikkfri og perfekt. Hårsveisen har ei grense på maks seks millimeter på toppen og tre millimeter på sidene. Om befalet ikkje startar dagen med å presse oss med jogging, styrketrening eller springing generelt går vi rundt i ein stor plasthall og trenar SLO (slutta orden) og eksersis. For dei av lesarane som ikkje veit det, kan vi no opplyse om at dei som ikkje har ei skrittlengde på 85 cm medan dei går, går feil. 85 cm er nemleg eit skritt, verken meir eller mindre. Resten av dagen går til musikkøving og mange timar med meir SLO.

Det kan kanskje virke som at vi ikkje har det spesielt kjekt her, men sanninga er at vi begge trivst bra. På desse to ånadane har Anders allereie gått ned 8 kg og må ha ny paradeuniform medan Nikolas si jakke framleis sitt som eit skot.

Vi er begge svært nøgde med framgangen vi har både med fysisk fostring og det som er retta mot det musikalske og eksersis. Anders er gruppesjef for signaltrommene medan Nikolas har ei pittelita jente som sjef for si instrumentgruppe.

Torsdag 4. desember vart vi ferdige med rekruttperioden vår, og er no ekte gardistar.

Til neste år skal vi turnere rundt om kring i inn- og utland og skal blant anna ta turen over havet til USA. Vi gledar oss veldig, sjølv om vi akkurat no gledar oss mest til julepermen som startar 19. desember. Skulle forresten helse frå hon Sonja og han Harald.

Det står vist bare fint til med hon Mette-Marit òg. Har ikkje høyrt noko frå Håkon endå, men vi lovar å seie i frå om vi høyrer noko.

# NYTTÅRS KONSERT

**Lørdag 3. januar**

Kl. 17.00

i Samfunnshallen



med



## TORSKANGERPOLL MUSIKKLAG

med solister

Hovedsolist og gjestedirigent:

Eirik Gjerdevik

Dirigent: Lisbeth Helen Våge

Billetter: 150 / 50.-

*Start det nye året med ein feiande flott nyttårskonsert*

*med variert musikk av lokale amatørar*



# Juletrefest

**Lørdag 27. desember kl. 17.00**

**på Våge/Oppedal grendehus**

Ta med heile familien på verdas kjekkaste juletrefest.

Frelsesarmeen møter opp med julestemning og godt humør.

**Torskangerpoll Musikklag spelar**

Vi går rundt juletreet og får besøk av nissen.

Det blir kaffi, kaker og julebrødskive. Sal av hjertelodd.



# Etternyttårskonsertfest

**i grendehuset i Vågsvåg**

Alle som vil er hjertelig velkomne til å melde seg på nyttårsfest på Våge-oppedal grendahus laurdag 3. januar kl 20.30, etter nyttårs-konserten.

Mat, lett underhaldning med mykje løye og dansemusikk.

Pris: 198 (Netto kostpris slik at vi dekker utgiftene.) Påmelding til Tove (**97530577**.*)* Ingunn, Roar Ståle, Stine eller Johan Einar (styret).

